



Eviny Fornybar As
Postboks 7050
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/359 - 23/1829

Saksbehandlar:
Magne Verpelstad
magne.verpelstad@modalen.kommune.no

Dato:
29.06.2023

Korrigert eigedomsskatteutskrivning, jfr endringslister pr 01.04.23 for kraftanlegg

Modalen kommune viser til Skatteetaten sine endringslister pr 01.04.23 for skatteåra 2016 og 2017. Oversyna viser ein auke i eigedomsskattegrunnlaget for dei 2 åra.

Eigedomsskatteutskrivninga vert korrigert i tråd med oppdaterte grunnlag, jfr eigedomsskattelova § 17, siste ledd. Endra eigedomsskatt er som følgjer pr skatteår:

- **Eigedomsskatteåret 2016:**

- Opprinneleg eigedomsskattegrunnlag Kr 2 902 052 206
- Korrigert eigedomsskattegrunnlag i 2016 Kr 2 995 805 995
- Korrigert eigedomsskattegrunnlag i 2023 Kr 3 002 737 466
- Auka eigedomsskattegrunnlag i 2023 Kr 6 931 511

- **Auka eigedomsskatt 2016 etter endring i 2023: Kr 48 521**

- **Eigedomsskatteåret 2017**

- Opprinneleg eigedomsskattegrunnlag Kr 2 673 544 056
- Korrigert eigedomsskattegrunnlag 2023 Kr 2 690 369 547
- Auka eigedomsskattegrunnlag 2023 Kr 16 825 494

- **Auka eigedomsskatt 2017 etter endring i 2023: Kr 117 779**

Det vert sendt ut faktura for auka eigedomsskatt 2016 og 2017.

Det er Skatteetaten som fastset eigedomsskattegrunnlaget, jfr skattelova § 18-5, og det er Skatteetaten som har vedtatt endring av tidlegare fastsett eigedomsskattegrunnlag. Eventuell klage over eigedomsskattegrunnlaget må difor rettast til Skatteetaten.

Kommunen fattar på bakgrunn av Skatteetaten sitt endra eigedomsskattegrunnlag nytt utskrivingsvedtak. Klage over utskrivninga kan rettast til Modalen kommune. Klagefristen er 6 veker frå utsending av denne meldinga, jfr eigedomsskattelova § 19. Søksmål mot utskrivingsvedtaket kan ikkje reisast med mindre klageadgangen er utnytta, jfr forvaltningslova § 27 b. Søksmålsfristen er seks månader, jfr eigedomsskattelova § 23, jfr skatteforvaltningslova § 15-4.

Med helsing

Magne Verpelstad

Økonomisjef

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

Vedlegg:

Skattesetel Eviny Fornybar AS 2016 - korrigert 2023

Skattesetel Eviny Fornybar AS 2017 - korrigert 2023

Mottakere:

Eviny Fornybar As

Postboks 7050

5020

Bergen